

Julelysa er på plass i god tid før adventstida tek til.

22.11.2020



Julehuset på Neset i Uskedalen skaper julestemning og er eit blikkfang.

**Mange har funne fram og monert julelysa, ei til to veke før det som er vanleg. Julelys og dekorasjon skaper stemning og er mentalt viktig i ei elles myrk tid. Til og med Bent Høie, helseministeren, oppmoda alle om å få julelysa på plass. Det kan letta kvardagen for mange i ei koronatid. Den nye trenden i år er hjarte, særleg etter at ein entreprenør monterte hjarteforma utelys på Sunnfjord hotell i Førde.**

Med litt varsam start er nokre av julehusa i Uskedalen dekorerte. Det gjeld både på Eik, Neset og i Ospelunden. Lyslenkjer i flaggstanga er vorte meir vanleg med åra. Elles går det meste på julelys på rekkverk, på veggen og langs møne på hus, uthus og garasjar. Frukttre, hagebuskar og hekkar vert også brukte til julelys.

Julehuset på Neset skin i all si prakt. Gunn Mari og Asle Moberg sitt hus og uteanlegg ligg slik til at dei kan ha lys på alle sider. Det er ikkje ei framside og ei bakside, berre framsider. Eit rustfritt juletre, laga av Frode K. Røsland i 2017, er blikkfanget i hagen deira. Det er 4. året juledekorasjonen er i bruk.



[Hjartforma juledekorasjon med lys er på plass på Eikelandet Brygge.](#)

På Eikelandet Brygg finn vi hjarteforma julelys ved inngangen til ei av leilighetene. Det er vakkert utforma og er godt synleg frå Fylkesvegen.

Mange ventar med adventsstjerna og den sjuarma adventsstaken til 1. sundag i advent.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Hans Ordin Østebø/ Tore Nordahl Pedersen